

*Jon Holmøy*

**GERIX 1995-1999**

Dokumentasjon, system, data,  
program

# Notater

## Forord

GERIX er eit system for registrering av data om brukarar av pleie- og omsorgstenester i kommunane. SSB har i åra 1995-1999 motteke data frå nokre av dei kommunane som har teke GERIX i bruk. Dette notatet er ein system- og brukardokumentasjon for dei GERIX-data som er lagra i SSB for desse åra. Notatet siktar i første rekkje mot dei som skal stå for framtidig bruk av GERIX-data, men slik opplegget for det nye pleie- og omsorgssystemet IPLOS ser ut i dag, vil dei fleste programma med ganske små endringar også kunne nyttast mot IPLOS-data.

System- og brukardokumentasjonen gir oversikt over filer, rutinar og kontrollar i samband med:

- Mottak og kontroll av data frå kommunane.
- Innhenting av tal frå SSBs egne arkiv om kommunane.
- Utarbeiding av resultat(f.eks. tabellar).
  - Kontrolltabellar til kommunane.
  - Tal for samanlikning av kommunar, fylker eller andre kommunegrupper.
  - Tabellar til regionale styresmakter.
  - Tabellar til SSBs årsstatistikk.

Notatet er i store trekk ajourføring av notat 97/10 av Per Olav Lande og Tone Heimdal. Mange av rutinane og programma er endra samstundes som dei er tilpassa SSBs namnestandard og reglane for datalagring på UNIX.

Oslo, november 2001

Jon Holmøy  
Seksjon for helsestatistikk (330)  
Avdeling for personstatistikk

## INNHALD

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>4</b>
1.1. Bakgrunn for GERIX-prosjektet.....	4
1.2. Annen relevant dokumentasjon.....	4
<b>2. Oversikt over systemet</b> .....	<b>4</b>
2.1. Formålet.....	4
2.2. Open/lukka kravspesifikasjon.....	5
2.3. Kva skjer i SSB.....	5
2.4. Statistikkfaglege utrekningar som er brukte i EDB-systemet.....	6
2.4.1. Pleietyngde.....	6
2.4.2. Forventa utvikling/framskriving av pleietyngde.....	6
2.4.3. Gjennomsnittleg timeinnsats pr veke.....	6
2.4.4. Timeverkskostnad.....	7
2.4.5. Aldersstandardisering.....	8
<b>3. Bruk</b> .....	<b>9</b>
3.1. Krav til forkunnskap.....	9
3.2. Restriksjonar i systemet.....	9
3.3. Rettleiing for normal bruk av systemet.....	10
3.3.1. Meny- og hjelpesystem.....	10
3.3.2. Liste over datafiler som systemet krev.....	10
3.4. Spesialsituasjonar ved bruken av systemet.....	10
3.4.1. Korleis handtere feilsituasjonar.....	10
3.4.2. Sikringsrutinar.....	10
3.4.3. Brukarstøtte.....	10
3.5. Detaljert rutineforklaring.....	11
3.5.1. Vekter.....	11
3.5.2. Katalogar.....	11
3.5.3. Brukardata.....	11
3.5.4. Rekneskap.....	16
3.5.5. Folketal.....	16
3.5.6. Lokale inngangsdata.....	17
3.5.7. Korreksjonsfaktor samanlikningstabell S5.....	17
3.5.8. Personalressursar.....	17
3.5.9. Kontroll.....	18
3.5.10. Oppretting.....	20
3.5.11. Offisiell statistikk.....	20
3.5.12. Data til ekstern bruk.....	23
<b>4. Filer individdata</b> .....	<b>25</b>
4.1. Individfil frå kommunane.....	25
4.1.1. Opplysningar i GERIX individdata frå kommunane.....	27
4.2. Regnskapsfiler.....	33
4.2.1. Datainnhald i regnskapsfiler.....	33
4.3. Folketalsfiler.....	34
4.3.1. Opplysningar i folketalsfilene.....	35
4.4. Andre filer.....	35
4.5. Kommunekodar for bydelar i Bergen og Trondheim.....	36
4.5.1. Spesielle kommunekodar i GERIX individdata.....	36
<b>5. GERIX. Oversikt over filer og program slik dei er lagra på UNIX.</b> .....	<b>37</b>
5.1. \$GERIXMAX/ (ssb/ovobos/al/gerixmax).....	37
5.1.1. arkiv/.....	37

5.1.2. prog/ .....	37
5.1.3. dok/ .....	40
5.1.4. kat/ .....	40
5.1.5. wk24/ .....	40
5.1.6. wk02/ .....	43
<b>6. Vedlegg.....</b>	<b>44</b>
6.1. Hovudoversikt over filer og datastraumar.....	44
6.2. Oversikt over mottak og innlasting av GERIX-data .....	45
<b>De sist utgitte publikasjonene i serien Notater.....</b>	<b>46</b>

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for GERIX-prosjektet

GERIX-prosjektet kom i stand som eit samarbeidsprosjekt mellom Sosialdepartementet (SHD), Kommunenes sentralforbund (KS) ved storbyprogrammet, Kommunaldepartementet (KRD) og SSB. Det blei sett i gang av Sosialdepartementet hausten 1990, og blei etter testrunde i 1993 tilbydd kommunane som ei frivillig ordning.

Hovudmålet for prosjektet var å gi grunnlag for betre politikk i pleie- og omsorgstenestene. Dette kan konkretiserast slik:

- Utvikle eit tenleg administrasjonssystem for kommunal pleie- og omsorgsteneste som også gir nødvendig informasjon for planlegging og vedtak på ulike nivå i kommunane.
- Systemet skal gi informasjonsgrunnlag for avgjerder på nasjonalt nivå.
- Systemet skal danne grunnlag for SSBs statistikk over pleie- og omsorgstenestene i kommunane.

## 1.2 Annen relevant dokumentasjon

Forprosjektrapport (GERIX-sekretariatet)

Delrapportar om Fagplananalysar (SINTEF Anvendt Økonomi)

Delrapport om nøkkeltal (SINTEF Anvendt Økonomi)

Dokumentasjon GERIX testprogram (Notater 94/2)

Open kravspesifikasjon (GERIX-sekretariatet)

Lukka kravspesifikasjon

Finst i trykt form berre i eit lite tal nummererte eksemplar, men finst maskinlesbar på

X:\330\GERIXMAX\kravspec\gerix\ :

Teksten i fila ALLEDOC.ZIP)

Tabellar og filer i fila ALLEEXEL.ZIP

GERIX-START Registrering av individdata. Veiledning til personalet (GERIX-sekretariatet)

GERIX START System- og brukardokumentasjon (Notater 97/10)

# 2 Oversikt over systemet

## 2.1 Formålet

I SSB såg ein i første omgang GERIX i samanheng med den tradisjonelle pleie- og omsorgsstatistikken. Kommunane som leverte GERIX-data slapp å sende summariske oppgåver over brukarane årsstatistikken, i staden blei dei aktuelle data trekt ut frå GERIX. I starten rekna ein med at fleire og fleire kommunar ville levere GERIX-data og at den summariske statistikken over brukarar etter kvart ville falle bort. Slik skulle det likevel ikkje gå. I perioden 1995-1998 leverte omkring 50 kommunar data på GERIX-format til statistikken over brukarar av pleie- og omsorgstenester.

I fleire kommunar blei systemet oppfatta og brukt som eit reint statistikkssystem, og ikkje som eit fagsystem for dagleg bruk. Dette førte etter kvart til at mange meinte at GERIX var altfor omfattande. I 1997 vedtok SHD at eit nasjonalt informasjonssystem for pleie- og omsorgssektoren skulle utgreiast, bl.a. basert på erfaringar med GERIX. I vedtaket ligg ein føresetnad om at datainnhaldet i omfang skal vere mindre enn i GERIX, at grupperingar og klassifiseringar skal samordnast med andre fagsystem og at det skal vere mogleg med grupperingar i samsvar med funksjonsinndelinga i KOSTRA. Dermed var signalet gitt om at

GERIX ikkje lenger var det systemet ein skulle satse på, og alt i 1999 var talet på kommunar som leverte GERIX-data til SSB redusert til under 30. For år 2000 var det 11 kommunar som leverte GERIX-data.

Dei GERIX-data som blei samla inn for perioden 1995-1999, og som inneheld individdata for brukarar av pleie- og omsorgstenester i eit 50-tal kommunar, er eit verdfullt materiale som det er viktig å dokumentere og ta vare på.

## 2.2 Open/lukka kravspesifikasjon

Krava til GERIX-systemet ligg i ein open kravspesifikasjon som fastset krava til dei sentrale programdelane. Desse er:

- 1) Registrering av data
- 2) Utskrift av registerkort
- 3) Overføring av disse data til datafiler for vidare behandling i SSB.

Det er denne kravspesifikasjonen it-leverandørane har lagt til grunn for dei applikasjonane som er tilbydd kommunane.

Datafilene som blir laga i samsvar med open kravspesifikasjon er grunnlaget for dei utrekningar og programfunksjonar som er fastsett i lukka kravspesifikasjon. Det dreier seg om tre sentrale programdelar. Desse er:

- 4) Rutinar for evaluering av GERIX-data i kommunane.
- 5) Definerte rapportar til bruk i planleggings- og vedtaksprosessar i kommunane.
- 6) Import av datafil frå SSB med nøkkeltal, samanlikningsdata til bruk i kommunane.

I lukka kravspesifikasjon inngår m.a. behandling av ressursdata frå kommunerekneskap, personell og institusjonar. Desse dannar grunnlag for deler av SSBs samanlikningsdata.

## 2.3 Kva skjer i SSB

Det kjem tre filer til SSB, disse er aidentifiserte og elles i samsvar med redigeringa som er gitt i open kravspesifikasjon. Desse tre filene er:

1. Alle brukarar på et gitt tidspunkt.(Pr. 31/12 for alle år utanom 1997 då registreringstidspunktet var 1/12)
2. Alle nye brukarar i løpet av siste periode (år).
3. Alle brukarforhold som har opphørt i løpet av siste periode (år).

I SSB blir mottekne data behandla i samsvar med lukka kravspesifikasjon. Dei skal i utgangspunktet ikkje rettast, det er kommunane sitt ansvar å levere korrekte data, men ein del openberre feil er retta. Kontrolltabellar og lister over feil i viktige variable blir returnert til kommunen. Dette har dels resultert i retting i kommunane og uttak av nye statistikkdata, og dels i korreksjonslister som SSB har kunna rette etter.

GERIX-data blir kopla med kommunenummer som koplingsnøkkel mot relevante registerdata i SSB, så som befolkning, framskrivningar av folketal og kommunerekeskap. Institusjonsdata frå institusjonsregisteret kan koplast til med institusjonsnummer som nøkkel. Med tanke på framtida bør institusjonsnummer konverterast til organisasjonsnummer.

Namnet på filene som blir laga er i samsvar med krava i lukka kravspesifikasjon.

## 2.4 Statistikkfaglege utrekningar som er brukte i EDB-systemet

### 2.4.1 Pleietyngde

Eit av hovudformåla med GERIX er å prøve å talfeste behovet brukarane har for tenester - mengde og type. Det viktigaste grunnlaget for behovsmålet er dei i alt 17 ADL/IADL-variablane.

Det er gjennom eigne analysar (Notater 94/2 og 95/28) etablert vektorer for å rekne saman desse 17 variablane til eit samla uttrykk for individuell *pleietyngde*.

Pleietyngde er altså eit vektat gjennomsnitt av dei 17 funksjonsvariablane.

$f_{ij}$  = verdien på funksjonsvariabel nr.  $i$  for brukar nr.  $j$ .

$v_i$  = vektat som funksjonsvariabel nr.  $i$  skal ha. (Summen av vektene = 1)

Pleietyngde ( $f_j$ ) for brukar nr.  $j$  blir rekna ut sli k:

$$f_j = \sum_{i=1}^{17} f_{ij} v_i$$

For ei gruppe på  $n$  brukarar blir pleietyngde( $F_n$ ) rekna ut som eit reint gjennomsnitt:

$$F_n = \frac{1}{n} \sum_{j=1}^n f_j$$

### 2.4.2 Forventa utvikling/framskriving av pleietyngde

Utrekninga byggjer på følgjande føresetnader:

- Stabile bruksratar. Dvs. at bruksratane i kvar kjønns- og aldersgruppe er som i det observerte materialet i statistikkåret, når vi ikkje tek med psykisk utviklingshemma brukarar (PU-brukarr).
- Stabil fordeling etter pleietyngde. Dvs. at fordelinga etter pleietyngde i ulike kjønns- og aldersgrupper er uendra i høvet til statistikkåret.
- Vi set og som vilkår at talet på og fordelinga av PU-brukarar held seg konstant.
- Det same gjeld gjennomsnittleg pleietyngde i ulike grupper for kjønn, alder og pleietyngde

$np_i^t$  = er talet på framskrivne brukarar i område nr.  $i$  på tidspunkt  $t$ .

$np_{izq}^t$  = er talet på framskrivne brukarar i kjønns- og aldersgruppe nr.  $z$  og pleietyngdegruppe nr.  $q$  i område nr.  $i$  på tidspunkt  $t$ .

$fp_{izq}^0$  = registrert gjennomsnittleg pleietyngde for kjønns- og aldersgruppe nr.  $z$  og pleietyngdegruppe nr.  $q$  i område nr.  $i$  på tidspunkt  $0$

Framskrevet gjennomsnittleg pleietyngde til tidspunkt  $t$  for område nr.  $i$  er:

$$fp_i^t = \frac{1}{np_i^t} \sum_z \sum_q np_{izq}^t \cdot fp_{izq}^0$$

### 2.4.3 Gjennomsnittleg timeinnsats pr veke

Det vil alltid vere tale om eit gjennomsnitt for ei gruppe brukarar.

For den enkelte brukar vil den samla timeverksinnsatsen pr. veke kome fram ved å summere felte I/59, I/60, ..., I/64. Ver merksam på at tildelte timeverk er oppgitt i timar og minuttar. Derfor er det i fila som til

vanleg blir brukt til statistikk og i annan analytisk samanheng, *veidkobl.sas7bdat*, sett inn tildelt tid omrekna til desimaltal i eigne felt (sjå pkt. 3.5.3.5).

For å få eit meir fullstendig uttrykk for den direkte timeverksinnsatsen må dei timeverka som går med til tilsyn leggst til. Eit tilnærma tal for timeverk til tilsyn kan reknast fram ved å bruke den standard timeverksmengda som samsvarar med koden for mengde tilsyn i felt I/65.

I/65 =1	v65 = 0	timeverk
I/65 =2	v65 = 2,5	- ” -
I/65 =3	v65 = 10	- ” -
I/65 =4	v65 = 20	- ” -

Samla direkte timeverksinnsats på brukarnivå (brukar nr.  $j$ ) blir:

$$T_j = I/59 + I/60 + I/61 + I/62 + I/63 + I/64 + v65$$

For ei gruppe på t.d.  $n$  brukarar blir gjennomsnittleg timeverksinnsats pr. veke ( $T_n$ ) rekna ut som eit reint gjennomsnitt:

$$T_n = \frac{I}{n} \sum_{j=1}^n T_j$$

#### 2.4.4 Timeverkskostnad

Kostnad for eit timeverk for ein tilsett er her definert som summen; brutto regulativlønn + kommunen sin pensjonsdel + arbeidsgjevaravgift.

Timeverkskostnaden for pleie- og omsorgstenester i kommunen blir definert som gjennomsnittet for alle tilsette, og skal reknast ut slik:

Nr.	Namn	Tariffønn pr. time	Stillingsdel. (Vekt)	Lønnsvekt.
1	Kari	$l_1$	1	$l_1 * 1$
2	Anne	$l_2$	0,5	$l_2 * 0,5$
3	Ola	$l_3$	0,33	$l_3 * 0,33$
	Sum		A	B

Gjennomsnittleg lønnsutgift ( $L$ ) = B/A.

Timeverkskostnad ( $K$ ) for pleie- og omsorgstenester i kommunen får vi ved å leggje pensjonsdel ( $p * L$ ) og arbeidsgjevaravgift ( $a * L(1+p)$ ) til . gjennomsnittleg lønnsutgift.

Altså:  $K = L(1+p+a(1+p))$

##### 2.4.4.1 Merknad.

Framgangsmåten som er skissert ovafor er mynta på kommunane. Slike data har ikkje vore henta inn frå kommunane. Timeverkskostnaden har i alle år vorte rekna ut på grunnlag av rekneskapsstatistikken, lønnsstatistikken og personellstatistikken.



## 2.4.5 Aldersstandardisering

### 2.4.5.1 Formålet

Bruksratane, dvs. brukarar pr. innbyggjar, aukar sterkt med alderen. Vi veit og at alderssamansettinga varierer ganske mykje frå kommune til kommune. Om det er mange eller få brukarar i ein kommune samanlikna med andre kommunar er det vanskeleg å svare på utan å ta omsyn til eller fjerne effekten av ulik aldersstruktur i befolkninga. Dette er formålet med aldersstandardisering.

### 2.4.5.2 Bruksratar

	Alle brukarar	0-16 år	16-66 år	67-74 år	75-79 år	80-84 år	85-89 år	90+ år
Folketalet i heile landet	N	N <sub>1</sub>	N <sub>2</sub>	N <sub>3</sub>	N <sub>4</sub>	N <sub>5</sub>	N <sub>6</sub>	N <sub>7</sub>
Brukarar heile landet	K	K <sub>1</sub>	K <sub>2</sub>	K <sub>3</sub>	K <sub>4</sub>	K <sub>5</sub>	K <sub>6</sub>	K <sub>7</sub>
Folketalet i kommune i	n <sub>i</sub>	n <sub>i1</sub>	n <sub>i2</sub>	n <sub>i3</sub>	n <sub>i4</sub>	n <sub>i5</sub>	n <sub>i6</sub>	n <sub>i7</sub>
Brukarar kom. i	k <sub>i</sub>	k <sub>i1</sub>	k <sub>i2</sub>	k <sub>i3</sub>	k <sub>i4</sub>	k <sub>i5</sub>	k <sub>i6</sub>	k <sub>i7</sub>

Uttrykka  $\frac{K}{N}$  og  $\frac{k_i}{n_i}$  gir uttrykk for bruksrate på landsbasis og i kommune nr. i.

Bruksratane i aldersgruppe  $j$  (aldersspesifikk bruksrate) i heile landet og i kommune nr.  $i$  er:  $\frac{K_j}{N_j}$  og  $\frac{k_{ij}}{n_{ij}}$

Det sentrale spørsmålet er: Kva ville bruksraten i kommunen vore dersom alderssamansettinga var den same som i den kommunen det skal samanliknast med? Det er med andre ord dei aldersstandardiserte bruksratane (dekningsgraden) det er ønskjeleg samanlikne. Utrekninga går altså ut på å kombinere dei aldersspesifikke bruksratane for kommunane med ei standard befolkning, t.d. befolkninga i heile landet, i fylket., eller i kommunar av same storleik osv. Om vi bruker befolkninga i heile landet som eksempel, og viser resultatet for kommune  $i$  som ein indeks  $I_i$ , blir reknestykket slik dersom befolkninga er delt i 7 aldersgrupper slik som i tabellen ovanfor:

Dekningsgrad for kommune nr.  $i$  :

$$I_i = 100 \frac{1}{N} \sum_{j=1}^7 N_j \frac{k_{ij}}{n_{ij}}$$

Dersom  $I_i$  er større enn 100 tyder det at kommune nr.  $i$  har fleire brukarar i høve til befolkningsgrunlaget enn gjennomsnittet i den gruppa av kommunar som det blir samanlikna med (i dette eksempelet heile landet).

### 2.4.5.3 Pleietyngde

	Alle brukarar	0-16	16-66	67-74	75-79	80-84	85-89	90+
Brukarar landet	N	N <sub>1</sub>	N <sub>2</sub>	N <sub>3</sub>	N <sub>4</sub>	N <sub>5</sub>	N <sub>6</sub>	N <sub>7</sub>
Pleietyngde	B	B <sub>1</sub>	B <sub>2</sub>	B <sub>3</sub>	B <sub>4</sub>	B <sub>5</sub>	B <sub>6</sub>	B <sub>7</sub>
Brukarar kommune i	n <sub>i</sub>	n <sub>i1</sub>	n <sub>i2</sub>	n <sub>i3</sub>	n <sub>i4</sub>	n <sub>i5</sub>	n <sub>i6</sub>	n <sub>i7</sub>
Pleietyngde kom. i	b <sub>i</sub>	b <sub>i1</sub>	b <sub>i2</sub>	b <sub>i3</sub>	b <sub>i4</sub>	b <sub>i5</sub>	b <sub>i6</sub>	b <sub>i7</sub>

B og b<sub>i</sub> gir uttrykk for pleietyngde på landsbasis og kommune nr. *i*.

Pleietyngde har sterk samanheng med alder. Dersom pleietyngda i kommune nr *i* skal samanliknast med pleietyngda i heile landet vil det kunne gi eit feilaktig bilde dersom aldersfordelinga for brukarane i kommune nr. *i* avviker mykje frå for brukarane i heile landet. Derfor er det ofte ønskjeleg å eliminere verknaden av ulik aldersfordeling. Ved å nytte dei aldersspesifikke tala for pleietyngde for kommune nr. *i* saman med aldersfordelinga for brukarane på landsbasis (standard), gir følgjande reknestykke det vi kallar aldersstandardisert pleietyngde b<sub>si</sub> for kommune nr *i*:

$$b_{si} = \frac{I}{N} \sum_{j=1}^7 N_j b_{ij}$$

b<sub>si</sub> kan nå samanliknast med B, i den forstand at begge er rekna ut på den same aldersfordeling.

Ver merksam på at årsaka til ein eventuell skilnad mellom b<sub>si</sub> og B kan være at kommune nr. *i* har brukt verdiskalaen for funksjonsvariablane annleis enn landsgjennomsnittet, og at skilnaden i så fall ikkje kjem av ulik pleietyngde i befolkninga.

## 3 Bruk

### 3.1 Krav til forkunnskap

Systemet krev grunnleggjande kunnskap til DOS- og UNIX-miljø, med kjennskap til dei mest vanlege kommandoane. Systemet krev kjennskap til retningslinjene for datalagring på UNIX<sup>1</sup>.

### 3.2 Restriksjonar i systemet

GERIX-systemet er først og fremst laga for administrative formål, og lokalt vil det innehalde personidentifiserte data. Dei data som blir rapportert inn til SSB er avidentifiserte, men likevel underlagt konsesjon frå Datatilsynet.

<sup>1</sup> jfr: Håndbok i datalagring på UNIX i Statistisk sentralbyrå 4. utgave.

### **3.3 Rettleiing for normal bruk av systemet**

#### **3.3.1 Meny- og hjelpesystem**

Systemet har ingen meny- eller hjelpesystem. Systemet er ei samling satsvise SAS-program med nokre få UNIX-skript som overbygging på nokre av rutinane.

#### **3.3.2 Liste over datafiler som systemet krev**

Systemet krev desse data for kvar GERIX-kommune

- Individdata (GERIX)
- Rekneskap (Årsrekneskapane frå kommunane)
- Folketal
- Framskriving av folketal
- Lokale inngangsdata (Gj.sn. timelønn for pleie- og omsorgspersonale)
- Personalressursar(Frå årsstatistikken for pleie- og omsorgstenester)

Sjå under kapitlet 'Detaljert rutineforklaring' for meir informasjon.

### **3.4 Spesialsituasjonar ved bruken av systemet**

#### **3.4.1 Korleis handtere feilsituasjonar**

Dei fleste programma skal startast frå SAS, men nokre program som ikkje har vore i bruk dei seinaste åra er ikkje endra og må startast frå UNIX: Alle rutinar med UNIX-skript blir starta frå UNIX.

Ved alvorlege programfeil stopper kjøringa av seg sjølv. Loggen gir til vanleg svar på kvar og kva feilen er. Sjølv om programmet ser ut til å ha gått riktig og resultatet ser truverdig ut er det likevel ein god regel å sjå gjennom loggen og forsikre seg om at den er fri for "ERROR,s", og at mellombels filer har det omfang dei skal ha. I så fall er det eit godt teikn, men ingen garanti for at resultatet er riktig.

#### **3.4.2 Sikringsrutinar**

Alle GERIX-data ligg på UNIX. Driftsavdelinga har full sikringskopiering ein gong i veka og i tillegg inkrementell kopiering kvar natt.

#### **3.4.3 Brukarstøtte**

Kontakt brukarstøtte (tlf. 4700) eller seksjon 303 ved uforståelege feil.

### 3.5 Detaljert rutineforklaring

Forkortingar i filnamn: kkkk = kommunenummer/ev. bydelsnummer<sup>1</sup>, nn = innsendingsnummer<sup>2</sup> og yyyy / yy = årstal / 2siste siffer i årstalet.

Filer og program på UNIX er lagra på ovibos under stammen \$GERIXMAX. Stammenamnet er normalt ikkje teke med i katalognamnet. Når det står /wk24/veker/ er det fulle katalognamn \$GERIXMAX/wk24/veker/

#### 3.5.1 Vekter

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata	Utdata:
vekerin.sas /prog/inn/	Overføre vekter for dei 17 ADL -måla til SAS-fil.	Vekter blir rekna ut på grunnlag av den første prinsipalkomponenten i ein analyse basert på kovarians. Originaldata er lagra på: X:\330\gerixmax\data\veker\vekteryx.xls	vekteryx.sdv  /wk24/veker/	vektyyyy.sas7bdat  /wk24/veker/

#### 3.5.2 Katalogar

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata	Utdata:
format.sas /prog/	Lage felles formater for alle kjøringar i GERIX	Programmet blir køyrt automatisk når SAS blir starta frå UNIX med kommandoen sasx	Omkodningar ligg inne i programmet	formats.sas7bcat  /kat/

#### 3.5.3 Brukardata

##### 3.5.3.1 Innsjekkning av diskettar med INDIVID-data

Standard filnamn for filene er: iakkkknn.xyy. (Brukarar pr. 31/12), inkkkknn.xyy. (Nye brukarar i løpet av året) og iukkkknn.xyy. (gått ut som brukar i løpet av året)

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata	Evt Utdata:
Gjeldande virusprogram	Virussjekk av disketten	MANUELT. Pass på å teste kvar diskett..	Kommunens filer på disketten	Virusrapport
Filoverføring	Kopiere filene over frå diskett til disk	Bruk Windows filbehandlingsprogram. For å oppnå rask tilbakemelding til kommunane blir dei delt inn i grupper etter kvart som diskettane kjem inn. Gruppeinndelinga står ved lag også når data blir overført til UNIX. Rett namnet dersom filene ikkje har føreskrivne namn.	Diskettfilene: iakkkknn.xyy inkkkknn.xyy iukkkknn.xyy	Disk: X:\data\individ\ yyyy\grz\
Editor	Visuell sjekk, spesielt av ia-fila.	Det er viktig å sjekke at alle data er på plass, t.d. at alle viktige felt er utfylt, at det ikkje er forskyvingar og at talet på brukarar er rimeleg, før dei går vidare i prosessen og blir lest inn på UNIX. Openbart dårlege data skal stoppast her. Ta kontakt med vedkomande kommune.	Fila på disk: iakkkknn.xåå  X:\data\individ\ yyyy\grz\	Som inndata iakkkk00.xåå  X:\data\individ\ yyyy\grz\

<sup>1</sup> OBS ! Sjå pkt. 4.3.1: Kommunekodar for bydelar i Oslo, Bergen og Trondheim

<sup>2</sup> Først innsendte diskett får nr. 01. Blir det sendt inn nye korrigerede data skal dei etter tur få nummerering 02, 03 osv. Dette nummeret fortel direkte kor mange versjonar som er mottekne frå vedkomande kommune.

### 3.5.3.2 Overføring til UNIX.

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata	Utdata:
Filoverføring (FTP)	Overføre filene til UNIX	Flytt filene over slik at ingen data ligg på disken.(C:\, H:\ eller X:\)  Sjekk at ia-filene har 00 som verdi for <b>nn</b> .	Filene på disk: iakkkkn.xyy inkkkkn.xyy iukkkkn.xyy  <i>X:\330\gerimax\data\individ\yyyy\grz\</i>	På UNIX: Filene skal lagrast på to ulike områder: 1.(ia-filene) <i>/wk24/individ/yyyy/gruppez/</i>  2. (in og iu filene) <i>/arkiv/in ut/yyyy/</i>
<b>rettkomm.sc</b> (kall på rettkomm.awk)  <i>/prog/ktrl/yyyy/</i>	Sjekke og rette kommunenr. Ver særskilt merksam på nummer på bydelar i Oslo, Bergen og Trondheim !	Kommando UNIX (3 parametere): rettkomm.sc <inndata> <kommunenr.> <utdata>  Eks: rettkomm.sc ia0605 <b>00</b> .x95 0605 ia0605 <b>nn</b> .x95  <b>Husk:</b> <b>Før kjøring</b> 1. å rette programmet. <i>Filområdet for inn- og utdata må tilpassast ny årgang/ny pulje.</i> 2. å gi namnet på utdata den verdien for <b>nn</b> som innsendt versjon tilseier.. <b>Etter kjøring</b> 3. å slette inndata så snart det er kontrollert at utdata er korrekte	Fila frå kvar komm: iakkkk00.xyy  <i>/wk24/individ/yyyy/gruppez/</i>	1) rapport: utkkkk Eks: ut0605 <i>/prog/ktrl/yyyy/</i>  2) iakkkkn.xyy Eks.: ia060501.x95 <i>/wk24/individ/yyyy/gruppez/</i>

### 3.5.3.3 Oppretting av Trondheim by.

Ikkje brukt på data for 1997 og seinare årgangar idet naudsynt omkodning frå då av er lagt inn i programmet som les data inn i SAS. *lesdata.sas*

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata	Utdata:
<b>opprett.sas</b> <i>/prog/ktrl/</i>	Sette inn institusjonsnummer og bydelsnummer i data frå Trondheim	UNIX-program - Trondheim har ein internkode for institusjonane. Programmet kodar institusjonsnr etter omkodingslista (Sjå inndata nr 2). Omkodingslista som ligg på <i>X:\330\gerimax\data\lokal\yyyy\</i> blei ajourført kvart år og overført til UNIX før kjøring. Programmet kodar også om bydelane. For å unngå å telje dobbelt skal inndatafila (ia1601nn.xyy) flyttast (for seinare å bli sletta når utdata er godkjende).	1. ia1601nn.xyy <i>/wk24/ individ/yyyy/ gruppez</i>  2. omk_1601.sdv <i>/wk02/</i>	ia160188.xyy <i>/wk24/ individ/yyyy/ gruppez/</i>

Innhald i *omk\_1601.sdv*: felt1; kommunenummer; institusjonsnummer; kode; type; namn; adr; postnr; postnamn; bydel(4siffer);

### 3.5.3.4 Samle individdata

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata	Utdata:
<b>lagindgr.sc</b> (Merk nytt pgm for 1996-data) <i>/prog/inn/yyyy</i>	Samle individdata for enkeltkommunane i ei gruppe til ei gruppefil	1. Dette skriptet lagar først ei liste over alle filene frå katalogen der individdata frå kommunane ligg. Pass derfor på kva som ligg på denne katalogen (Sjå fysisk dataflyt) 2. Skriptet lagar ei gruppefil som er ein kopi av data frå dei enkelte filene i gruppa. Kommando (til d.): lagindgr.sc yyyy z Merk! Parametrane år (yyyy) og gruppe (z) Programmet må køyrast ein gong for kvar gruppe.	Alle filer på forma iakkkknn.xyy i ein gruppekatalog. <i>/wk24/individ/yyyy/ gruppez/</i>	eks.: individz <i>/wk24/individ/yyyy/ allegr/</i>
<b>lagind.sc</b> <i>/prog/inn/yyyy</i>	Samle gruppe-filene i ei flat 'individ' -fil	Laga over same lest som programmet ovafor. Kommando (til d.): lagind.sc yyyy Merk! Ikkje parameter for gruppe	Alle gruppefiler <i>Sjå utdata ovanfor</i>	individ <i>/wk24/individ/yyyy/</i>

### 3.5.3.5 Lese inn i SAS

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata	Utdata:
<b>lesdata.sas</b>  <i>/prog/inn/yyyy/</i>	1. Lese individ -data inn i SAS  2. Vekte behovsnivå  3. Kode fordeling på heimetenester og institusjons-tenester	Programmet les individdata inn i eit sas datasett med alle variable.  Programmet kodar om ”andre tjenester” frå gamal til ny kode. Sjekk kommunelista som dette gjelder for.  For Trondheim blir kommune-nummeret koda om. Dette gjeld frå 1997.  Programmet lagar i tillegg ein variabel (veidfunk) som skal gi eit vekta (og samla) bilete av brukaren sitt behovsnivå	1. individ <i>/wk24/individ/yyyy/</i>  2. vektyyyy. sas7bdat <i>/wk24/vekter/</i>	veidgerx. sas7bdat  <i>/wk24/individ/yyyy/</i>
<b>komminkl.sas</b>  <i>/prog/inn/yyyy/</i>	leggje til kommune-storleik	Programmet legg til kommunestorleik for kvar brukar (sjå rutine for KOMMUNESTORLEIK)  Programmet gjer om timar og minuttar til desimaltal, og reknar ut sum tildelte timar. Både med og utan tilsyn. Desse nye variablane kommer med på Utdataa,  Programmet setter inn ein variabel ”inst” som gir fordeling på heimetenester (1)og institusjonstenester.(2)	1. veidgerx (SAS)  2. befakeyy.sdv  <i>/wk24/folk/yyyy/</i>	veidkobl.sas7bd at  <i>/wk24/individ/yyyy/</i>
<b>inhlist.sas</b>  <i>/prog/inn/</i>	Liste ut feltnamn i sas-filer	Du kan velje kva fil som skal listast ut ved hjelp av:  1. LIBNAME-setninga og 2. filnamnet i %LET-makroen		2 lister i output-vindauget:  1. Alfabetisk 2. Etter posisjon

### 3.5.3.6 Slå saman fleire årgangar, lage produksjonsfiler og arkivfiler.

Dei filene som er laga under 3.5.3.5 inneheld årgangsfiler (tverrsnittsdata pr. 31/12) med alle data som er mottekne frå kommunane. Nokre kommunar har levert data av dårleg kvalitet. Dette kan gjelde ein eller fleire årgangar. Programma nedanfor lagar samlefiler for fleire årgangar og lagar produksjonsfiler både for kvar årgang og samla. Produksjonsfilene er identiske med årgangsfilene bortsett frå at kommunar som har levert dårlege data er haldne utanfor.

Namn	Formål	Merknad	Inndata	Utdata
<b>alleaar.sas</b> <i>/prog/inn/</i>	Slår saman årgangsfilene til ei fil	Fila som blir laga inneheld data frå alle kommunar som har sendt inn GERIX-data uavhengig av kvalitet. Åra 1995 - 1999.	SAS-datasett: ../1995/veidkobl, ../1996/ veidkobl, : ../1999/ veidkobl	SAS-datasett: grix9599 <i>/wk24/individ/ 1995_99/</i>
<b>prodfil.sas</b> <i>/prog/inn</i>	Lage produksjonsfil er som berre omfattar kommunar som har levert data med brukbar kvalitet.	Prodfil.sas lager produksjonsfiler som omfattar årgangane a til x.	SAS-datasett: grix9599 <i>/wk24/individ/ 1995_99/</i>	SAS-datasett geri9599 <i>/wk24/individ/ 1995_99/</i>
		Programmet kan og brukast på enkeltårgangar. Dette er mest aktuelt for den siste årgangen.	veidkobl <i>/wk24/individ/yyyy</i>	SAS-datasett veidkoyy. sas7bdatt <i>/wk24/individ/yyyy</i>
<b>dokprogn.sas</b> <i>/prog/inn/</i>  Hentar inn programmet : <i>\$FELLES/ sasprog/ lagsekvensiell- fil.sas</i>	Lage arkivfil (sekvensiell fil) samt leseprogram og dok-fil med sas-datasett som input.	Programmet er parameterstyrt og kan lage arkivfiler av alle sas-datasett som er redigert som filer laga med komminkl.sas (sjå 3.5.3.5). Parametere: 1) sasdata = <namn på SAS-datasett som skal lesast> 2) sekvfil = <namn på sekv. fil som skal lagast> 3) overskr = <overskrift til filredigering> 4) datadok = <namn på fil for innlasting i datadok>/ <0> 5) sasprog = <namn på SAS-prog som lager SAS-fil frå den sekvensielle fila>/ <0> 6) spssprog = <namn på SPSS-prog som lager SPSS-fil frå den sekvensielle fila>>/<0>	SAS-datasett: Angi fullstendig adresse i parameter 1; "sasdata"	1) sekvensiell fil Angi fullstendig adresse i parameter 2; "sekvfil"  2) filredigering til datadok  3) program for å lage SAS-datasett og/eller SPSS-datasett av den sekvensielle fila <i>/prog/inn/&amp;sasprog /prog/inn/&amp;spssprog</i>

Ver nøye med å lage arkivfil av *veidkobl.sas7bdatt* - sjå kap. 3.5.3.5- så snart som råd, og sørg for å oppdatere/lage ny arkivfil etter rettingar og når oppgåver som kjem seint inn blir lagde til.



### 3.5.3.7 *Kommunetabell over brukarar i dei enkelte år.*

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata	Utdata:
<b>g95_99.sas</b> <i>/prog/inn/</i>	Lage oversikt over kommunar som har levert data.	Brukartala omfattar brukarar som har tenester.	SAS-datasett: grix9599 <i>/wk24/individ/ 1995_99/</i>	HTML-tabell: g95_99.html <i>/prog/inn/</i>
<b>g95_99_r.sas</b> <i>/prog/inn/</i>	Lage oversikt over kommunar som har levert brukbare data	Brukartala omfattar brukarar som har tenester.	SAS-datasett geri9599 <i>/wk24/individ/ 1995_99/</i>	HTML-tabell: g95_99.html <i>/prog/inn/</i>

### 3.5.4 **Rekneskap**

Det var i utgangspunktet teke sikte på å hente inn eigne rekneskapsoppgåver med sikte på å få rekneskapsdata som kunne haldast opp mot brukartala direkte. Allereie første året viste dette seg ikkje å svare til forventningane, og den tverretatlege rekneskapen som ein bad om viste seg, etter fleire rundar med oppretting, å ligge nokså nær dei rekneskapsstala som kommunane rapporterer til rekneskapsstatistikken. Det var såleis berre dette eine året at slik spesialinnsamling kom i stand. Sia har data vorte henta frå rekneskapsstatistikken

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata	Utdata:
rekneark (excel)	Lage rekneskap for kvar kommune etter kravspes.	Lag ei semikolonseparert fil. Fila skal omfatte GERIX-kommunane og ha summar for fylke og kommunestorleik.	rekneskap(sfil) for kommunane frå seksjon 250 <i>X:\330\gerixmax\data\ lokal\ regnskyy.sdv</i>	regnskyy.sdv <i>wk24/lokal/yyyy</i>

### 3.5.5 **Folketal**

#### 3.5.5.1 *Innbyggjarar i kommunane pr. 1/1.*

Frå og med 1997 blir det ikkje levert folketal til IT-leverandørane på lågare geografisk nivå enn kommune. (bydelar for Oslo, Bergen og Trondheim). Dette gjer at folketal kan hentast frå RD, og at fila *befakeyy.sdv* kan lagast i EXCEL.

Namn	Formål	Merknad	Inndata	Utdata
<b>bef_1_1.sas</b> <i>/prog/inn</i>	Produsere ei flat fil frå ei semikolonseparert fil.	Fila som blir laga inneheld folketal for alle kommunar, etter kjønn og alder. med følgjande aldersinndeling: (0-4) (5-9) 10-15) (16-19) (20-24) (25-29) (30-34) (35-39) (40-44) (45-49) (50-54) (55-59) (60-64) (65-66) (67-69) (70-74) (75-79) (80-84) (85-89) (90-94) (95-120)	befakeyy.sdv <i>/wk24/folk/yyyy</i>	folktall.gyy <i>wk24/folk/yyyy/</i>

#### 3.5.5.2 *Framskrivning av folketal*

Framskrivne folketal er ikkje laga for GERIX-formål for alle år. Grunnlagsdata kan ved behov hentast frå RD, men ikkje på lågare geografisk nivå enn kommune. Fila *folkfram\_gyy.sdv* blir laga i EXCEL.

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata:	Utdata:
framskr.sas <i>/prog/samtab/</i>	Lage framskrivning for 3 år og 10 år framover frå årgangsåret. Fordeling etter kommune x kjønn x alder(same gruppering som folketal.gyy)	Filredigering [F] i lukka kravspesifikasjon	folkfram_gyy.sdv pr. 1.1.yy <i>/wk24/folk/yyyy/</i>	folkfram.gyy <i>/wk24/folk/yyyy/</i>

### 3.5.5.3 Kommunestorleik

Det er utvikla ein ny modul i programmet */prog/inn/2000/kominkl.sas* som lager kode for kommunestorleik og sum folketal på grunnlag av den generelle folketalsfila *befakeyy.sdv*. Det er soleis ikkje lenger bruk for denne rutinen.

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata:	Utdata:
excel rekneark	Grupper kommunene etter folketal i 6 grupper og tildele alle brukarar kode for kommunestorleik. Inndata til programmet: <i>komminkl.sas</i> (se 0)	Skriv ut på SEMIKOLON-separert fil. Filutforming etter kravspes. OBS ! Fyll ut felt 4 - kode for kommunestorleik - både for radene for kommune og for kommunestorleik. For fylke og totalen skal koden vere blank	Befolkningsdata. RD-uttrekk rekneark	nr_navn_st.sdv <i>/wk24/folk/19yy</i>  (Til og med årgang 1999).

### 3.5.6 Lokale inngangsdata

Denne fila skulle i utgangspunktet innehalde ei rekkje spesifikke opplysningar for kommunane, og den var først og fremst utforma med tanke på lokal bruk. I dei filene som er input i SSB sine program er det berre opplysninga i felt 7 om "Sum timeverkskostnad kr. pr. time" som er utfylt og nytta, sjølv om fila elles er redigert i samsvar med kravspesifikasjonen.

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata:	Utdata:
excel rekneark	Lage lokale inngangsdata etter kravspes (lønskostnad . pr. time)	Skriv ut på semikolonseparert fil	lokal_98.xls  <i>X:\330\gerimax\data\lokal\yyyy\</i>	lokal.sdv  <i>/wk24/lokal/yyyy</i>

### 3.5.7 Korreksjonsfaktor samanlikningstabell S5

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata:	Utdata:
<b>korr1s5.sas</b>  <i>/prog/samtab/</i>	Finne korreksjonsfaktorar for aldersstandar diserte rekneskapstal.	Utrekningane bygger på gjennomsnittleg pleietyngde i ulike aldersgrupper og aldersfordeling på landsnivå som standardgruppering Til bruk for samanlikningstabell S5.	veidkobl. sas7bdat  <i>/wk24/individ/yyyy/</i>	korr1s5.sdv  <i>/wk24/korr/</i>

### 3.5.8 Personalressursar

Namn:	Formål:	Merknad:	Inndata:	Utdata:
excel rekneark: s6_yy.xls  <i>X:\330\gerimax\data\persres/yyyy\</i>	Lage oversikt over personalressursar til bruk for samanlikningstabell 6 (sjå seinare i kap)	Skriv ut på semikolonseparert fil.	Data frå årsstatistikken overført til rekneark (PLOMS-basen, tabell Ploms personell)	s6_yy.sdv  <i>/wk24/persres/yyyy/</i>

### 3.5.9 Kontroll

#### 3.5.9.1 Kontrolltabellar (for kontroll av enkeltkommunar)

Program:	Formål:	Merknad:	Inndata:	Utdata:
<b>ktrl04.sas</b> <i>/prog/ktrl/</i>	1. Kontroll av dato i felt 8 og 9. 2. Brukarar fordelt på alder (felt 4)	Val av år og kommune blir styrt av parametarar.  anno = yyyy (årgang) kom = kkkk (kommunennummer)	veidkobl.sas7bdatt  <i>/wk24/individ/yyyy/</i>	Tabell/liste på SAS-output. Kan skrivast ut eller lagrast etter behov.
<b>ktrlkom.sas</b> <i>/prog/ktrl/</i>	Hente inn og gi parametarar til ktrl05_.sas	Følgjande parametarar må gjevast:  - anno = statistikkårgang, 4 siffer - fil = namn på datafil - kommune = kommunenummer - variabel = variabelnamn i datafila - vartekst = variabelnamn i tabelloverskrift	veidkobl.sas7bdat  <i>/wk24/individ/yyyy/</i>	Tabell på SAS-output. Kan skrivast ut eller lagrast etter behov.
<b>ktrl05_.sas</b>	Parameterstyrt makro for utkjøring av fordelingar for eit og eit kjennemerke etter val.			

#### 3.5.9.2 Kontroll av gyldige variabelverdiar og logiske samanhengar.

Alle desse kontrollane skal kjørast med \$GERIXMAX/wk24/individ/yyyy/veidkobl.sas7bdat som input. Programma har årgang som parameter.

Program:	Formål:	Merknader	Utdata:
<b>ktrlval.sas</b>	Kjøre makroen <b>kryssval.sas</b>  <i>\$GERIXMAX</i> <i>/prog/ktrl/</i>	Tel opp og lister ut records med ugyldig kode eller verdi på den variabel som blir kontrollert.  <b>Følgjande parametarar må gjevast:</b> - anno = statistikkårgang, 4 siffer - fil = namn på datafil (veidkobl) - kommune = tekst i overskrift - variabel = variabelnamn i datafila - verdiar = ('gyldige variabelverdiar' -omfang = komnr10 EQ 'kkkk' AND tjene07 EQ '1' - vartekst = variabelnamn i tabelloverskrift	Tabell/liste på SAS-output. Kan skrivast ut eller lagrast etter behov.
<b>kryss364.sas</b>	Ekteskapeleg status og alder.	Brukarar under 16 år som er registrerte som gifte skal kontrollerast.	Tabell/liste på SAS-output
<b>kryss487.sas</b>	Dato for vedtak og tenestestatus.	Om felt 8 er blank, så skal felt 7 = 2 (og berre det).	Tabell/liste på SAS-output
<b>kryss598.sas</b>	Dato for vedtak mot dato for revisjon av vedtak	Ev. dato i felt 9 skal vere seinare enn data i felt 8.	Tabell/liste på SAS-output
<b>kryss642.sas</b>	Bur åleine? mot bur saman med	Om minst ein av felt 43-46 er ulik blank, så skal felt 42 = 2. OG: om felt 42 = 1, skal felt. 43-46 vere = 1	Tabell/liste på SAS-output

<b>kryss743.sas</b>	Sivilstand mot bur saman med	Om felt 43=1 så skal felt 6 = 2	Tabell/liste på SAS-output
<b>kryss951.sas</b>	?	Felt 51 =1,2 ==> felt 50 =2 .og omvendt	Tabell/liste på SAS-output
<b>kryssa07.sas</b>	Tenestestatus mot tildelte tenester.	Om felt 7 = 1 skal minst eit av felt 59-64 > 0 og/eller felt 65 ulik 0 og/eller minst eit av felt 69-78 = 1,2,3,5,6 eller 7.	Tabell/liste på SAS-output
<b>kryssb65.sas</b>	Hyppigheit mot tildelte tenester.	Om minst eit av felt 66-68 er større enn 0(blank) så skal minst eit av felt 59-64 vere større enn 0 og/eller felt 65 ha verdi 2,3 eller 4 , og omvendt.	Tabell/liste på SAS-output
<b>kryssc81.sas</b>	Mengde meir tilrådd tilbod mot type meir tilrådd tilbod.	Om minst eit av felt 82-86 = 1 så skal felt81=1,2,3 eller 4, og omvendt.	Tabell/liste på SAS-output

### 3.5.9.3 Hovudtal

Datagrunnlaget for tabellane er \$GERIXMAX/wk24/individ/yyyy/veidkobl.sas7bdat. Det er likevel berre htb\_0.sas og htab\_2.sas som bruker denne fila direkte. Programmet *htabyy.sas* lager fila *htabyy.sas7bdat* som er inndata til \_1, \_3-8. Programmet *htab\_2.sas* krev i tillegg til veidkobl institusjonsdata frå fila *iregymmdd.sas7bdat*. Denne fila blir henta ut frå PLOMS, ORAKEL-basen for pleie- og omsorgstenester (sjå filredigering under \$GERIXMAX/dok).

For å kunne rapportere raskt tilbake til kommunane blir desse tabellane laga i puljar(grupper) etter kvart som data kjem inn. Filene må lagast på nytt for kvar gruppe eller pulje det skal lagast tabellar for. Sjå difor nøye på %LET-makroane i htab\_0.sas og htabyy.sas.

Namn:	Formål: ( Innhald for kvar kommune:)	Inndata:	Utdata:
<b>htab_0.sas</b> <i>/prog/hovudtal/</i>	Brukarar fordelt på heimetenester og institusjonstenester. Tenester. etter status (tjene07) siste og føregående år.	veidkobl (sas). År t og t-1	htab_0.html
<b>htabyy.sas</b> <i>/prog/hovudtal/</i>	Lager ei tabellfil som berre omfattar brukarar som mottek tenester. Dvs. har 1 i tjene07. Denne fila skal brukast på alle etterfølgjande tabellar, bortsett frå htab_2.sas	veidkobl (sas). År t og t-1	htabyy.ssd04 <i>/wk02/hovudtal/</i>
<b>htab_0a.sas</b>	Brukarar fordelt på heimetenester og institusjonstenester etter kjønn og alder. Siste og føregående år. Tal på brukarar, gj.sn. behov, gj.sn. timeverk pr. veke.	htabyy (sas)	htab_0a.html
<b>htab_1.sas</b>	Brukarar i fordelt på heime(1,2/f50) /Inst(3,4/f50). x Aleinebuar(1/f42)	htabyy (sas)	htab_1.html
<b>htab_2.sas</b>	Busette i institusjonar etter institusjonstype.  Frå 1999: liste over institusjonar i kvar kommune med tal på busette frå GERIX og plassar frå registeret.	1) veidkobl(sas) <i>/wk24/lokal/yyyy/</i>  og frå 1999: 2) ir_mmyy.sdv og frå 2000: 2)iregymmdd(sas)  <i>/wk24/lokal/2000/ireg1019.sas7bdat</i>	htab_2.lst

<b>htab_3.sas</b>	Psykisk utviklingshemma.(1/f41) fordelt. på heime-/institusjonsteneste x åleine (1/f42)/bor med. foreldre (1/f45)/med andre(1/f43/44/46)	htabyy (sas)	htab_3.html
<b>htab_4.sas</b>	Busette i kommunen. og/el. tilrettelagt bustad. (1/f42 og/el 2/f50) fordelt på åleine(1/f42)/Psykisk utviklingshemma.(1/f41)	htabyy(sas)	htab_4.html
<b>htab_5.sas</b>	Brukarar og gj.sn. timar direkte tenester(Sum f59-64) fordelt etter pleietyngde og heime-/institusjonsteneste	htabyy(sas)	htab_5.html
<b>htab_6.sas</b>	Brukarar av heimetenester som bur åleine, etter type. bustad. Tal på brukarar, gj.sn. pleietyngde, gj.sn timeverk pr. veke og timeverk pr. pleietyngdeeinging.	htabyy (sas)	htab_6.html
<b>htab_7.sas</b>	Brukarar av heimetenester etter alder og "Andre tenester". Tal på brukarar, gj.sn. pleietyngde, gj.sn timeverk pr. veke og timeverk pr. pleietyngdeeinging	htabyy (sas)	htab_7.html
<b>htab_8.sas</b>	Brukarar av heimetenester som bur åleine, etter kontakt med nærmiljøet/tilgang på privat hjelp og etter "Andre tenester". Talet på brukarar, gj.sn. pleietyngde, gj.sn. timeverk pr. veke	htabyy (sas)	htab_8.html
<b>feil.sas</b>	Lage diverse feillister til oppgåvegjevarane	veidkobl	feillister.lst Output- vindaug
<b>listinst.sas</b>	Lage kommunevise lister over busette i dei enkelte institusjonane.	veidkobl	boinst.lst Output vindaug
<b>fylketab.sas datahjtj.sas datainst.sas</b>	Lage tabellar til fylkeslege/-mann som erstatning for bortfall av brukardata i skjemaa.	veidkobl	lst-tabeller Output vindaug

### 3.5.10 Oppretting

Manuell oppretting skjer på katalogen \$GERIXMAX/wk24/individ/yyyy/gruppez/ - på den enkelte kommunefil. Etter slike rettingar må følgjande skje på nytt:

1. Lage 'individ' - sjå underkapittel 3.5.3.4. 'Samle individ-data'.
2. Lage SAS-filene 'veidgerx' og 'veidkobl', ev. 'veidkoyy' - sjå under kapittel 3.5.3.5 og 3.5.3.6
3. Lage arkivfila gerixyy.sas7bdat og ev. produksjonsfil prodyy.sas7bdat. - sjå program dokprogn.sas under kapittel 3.5.3.6.

### 3.5.11 Offisiell statistikk

#### 3.5.11.1 Standard rapportar

I kravspesifikasjonen for GERIX er det spesifisert tabellar som kommunane skal kunne lage på ein enkel måte med den programvare som blir tilbydd. I SSB blei det laga program for å framstille tilsvarande tabellar. Alle programma har ikkje vore like mykje nytta, og er ikkje like oppdaterte. Nokre program kan difor innehalde rutinar som nå ikkje trengst fordi dei er lagde inn i rutinane som lager inndata (*veidkobl*). Som eksempel kan det nemnast at etter revisjon i 1999 fikk *veidkobl* for perioden 1995-1999 ein ny variabel (inst)som skil mellom heimetenester('1') og institusjonstenester('2'). Dette sikrar alltid same fordeling mellom desse tenestetypane og gjer det unødvendig å ha egne rutinar for dette i kvart program.

Før ein brukar desse programma må, som vanleg, LIBNAME-setningane sjekkast, men i tillegg må programma tilpassast nytt innhald i inndata. Legg i denne samanheng merke til at veidkobl ligg på området wk24. Arbeidsfiler som ikkje har vore i bruk på 2 år kan difor vere sletta. I så fall må inndata hentast frå arkivfilene, og programma tilpassast dette.

Desse programma blei laga med sikte på start frå UNIX (login-vindaug), og det må for kvar tabell gjevast ein parameter (SYSPARM) som avgjer kva tenestetypetabellen skal omfatte (heim = heimetenester, inst = institusjonstenester).

Kommando: sas -sysparm **parameter** <programnamn>

Eksempel: sas -sysparm **heim** si06.sas

Program	Formål (Tabellinnhald):	Inndata:	Utdata:
si06.sas	Brukar etter pleietyngde og alder. Absolutte tal., prosent, gj.sn. timeverk pr. veke.	veidkobl (sas)	si06ut.inst
si07.sas	Brukar etter pleietyngde og type bustad. Absolutte tal., prosent, gj.sn. timeverk pr. veke.	veidkobl (sas)	si07ut.inst
si08.sas	Brukar etter pleietyngde, kjønn og alder. Absolutte tal., prosent, gj.sn. timeverk pr. veke.	veidkobl (sas)	si08ut.inst
si09.sas	Brukar etter pleietyngde, syn og hørsel. Absolutte tal., prosent, gj.sn. timeverk pr. veke.	veidkobl (sas)	si09ut.inst
si10.sas	Brukar etter pleietyngde og husstand. Absolutte tal., prosent, gj.sn. timeverk pr. veke.	veidkobl (sas)	si10ut.inst
si11.sas	Brukar etter pleietyngde og nettverk. Absolutte tal., prosent, gj.sn. timeverk pr. veke.	veidkobl (sas)	si11ut.inst
si12.sas	Brukar etter pleietyngde og tilgang privat hjelp. Absolutte tal., prosent, gj.sn. timeverk pr. veke.	veidkobl (sas)	si12ut.inst
si13.sas	Brukar etter pleietyngde og behov for meir tilbod. Absolutte tal., prosent, gj.sn. timeverk pr. veke.	veidkobl (sas)	si13ut.inst
si14.sas	Brukar etter pleietyngde og utvikl. av hjelpebehov. Absolutte tal., prosent, gj.sn. timeverk pr. veke.	veidkobl (sas)	si14ut.inst
si15.sas	Brukar etter pleietyngde og type teneste Absolutte tal., prosent, gj.sn. timeverk pr. veke.	veidkobl (sas)	si15ut.inst
